

**Fra:** Marianne Ose Askvik (Marianne.Ose.Askvik@hfk.no)

**Sendt:** 21.04.2017 14:16:36

**Til:** 'nina.mathisen@askoy.kommune.no'; 'jens.aasmundseth@askoy.kommune.no';  
'bjorn.andersen@fjell.kommune.no'; 'liv.edel.mikkelsen@oygarden.kommune.no';  
'hilde.k.egeland@sund.kommune.no'; 'audun.alvsaker@austevoll.kommune.no';  
'kari.sandtorv@bergen.kommune.no'; 'Bjorne.Moen@eidfjord.kommune.no';  
'arnstein.klovning@granvin.kommune.no'; 'erlend.styve@ulvik.kommune.no'; 'vidar@realmusic.no';  
'nils.halleland@etne.kommune.no'; 'hilde.karin.bjorgen@etne.kommune.no'; 'eldske@kvam.kommune.no';  
'rose@kvam.kommune.no'; 'ukolle@gmail.com'; 'Linda Øen'; 'dualis@online.no';  
'frank.windt@osteroy.kommune.no'; 'katarina.birkeland@radoy.kommune.no';  
'Anita.Soltveit@austrheim.kommune.no'; 'Frank.Kvinge@masfjorden.kommune.no';  
'eileen.feste@lindas.kommune.no'; 'eivknu@outlook.com'; 'ane.bysheim@meland.kommune.no';  
'eirik.utne@meland.kommune.no'; 'camilla.soderstrom.tveit@meland.kommune.no';  
'stein.egil.legaard@odda.kommune.no'; 'fhpe@ullensvang.herad.no'; 'una.eiken@jondal.kommune.no'; 'kjgr@os-  
ho.kommune.no'; 'Erik Vangsnæs'; 'agnessmorholm@hotmail.com'; 'annelise.tosse@samnanger.kommune.no';  
'meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no'; 'trond.onarheim@stord.kommune.no';  
'bente.bjelland@fitjar.kommune.no'; 'elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no'; 'yngve.nikolaisen@tysnesoppvekst.no';  
'Sindre.Sortland@vaksdal.kommune.no'; 'Evy.Beate.Kvamme@vaksdal.kommune.no';  
'Ingrid.L.Fjose@voss.kommune.no'; 'g-moer@online.no'; 'hordaland@ukm.no'; 'paal@sveio.kommune.no';  
'hordaland@urg.ukm.no'; 'hordaland@ukm.no'

**Kopi:** Inni Mowinckel (arrangement@bergen.akks.no); 'AKKS Bergen'; Ronny Skaar

**Emne:** UKM-festivalen i Hordaland snart i gong!

**Vedlegg:** image001.png

**Kjære lokalarrangørar!**

Om ei veke er UKM-festivalen i Hordaland 2017 i gong og vi gler oss! :) Her kjem litt praktisk informasjon:

### **Deltakarinfo**

Naudsynt informasjon til deltakarane ligg på nettsida [ukm.no/hordaland](http://ukm.no/hordaland). Fredag 7.april sendte vi ut ein sms til alle deltakarane: *Kjære UKM'er! Gler du deg til UKM-festivalen i Hordaland 2017? Det gjer vi! Programmet for festivalen er klart og det er viktig at du held deg oppdatert om viktig informasjon som ligg ute på [www.ukm.no/hordaland](http://www.ukm.no/hordaland). Hugs å melde deg på workshop gjennom nettsida! Les også deltakarinfo på nettsida i god tid før du reiser, i tilfelle du har gløymt å pakke noko :-)* Vi gler oss til å møte deg på UKM-festivalen i Hordaland! #javielskerukm

I tillegg sendte vi ut sms med ytterlegare info til film-, kunst- og konferansierdeltakarane.

Programmet har vore offentleg ei stund og de kan finne dag og tid for opptreden til «dine» deltakarar på [denne sida](#). Det er viktig at scene-deltakarane møtar opp seinast ein time før framsyninga startar! Alle deltakarane skal møte opp i Loungen der dei vil bli ivaretatt av unge arrangørar fram mot si framsyning.

### **UKM Camp**

Dette er arena for overnattinga – same som i fjor (adr: Haugeveien 28). Etter UA-workshopen vi hadde i mars vart denne plassen gitt namnet UKM Camp. Det er berre to dusjar på denne arena, difor har vi avtale med Nordneshallen om å leige dusjane der laurdag kveld. UA ordnar med koordineringa til dette.

## **Innkvartering / registrering**

Dette skjer fredag på UKM Camp i tidsrommet 17:00-19:00.

## **Kunst**

Dei kunstverka vi ikkje har motteke enno **må** leverast til Sekretariatet på USF fredag 28.april. Kunstverk vi evt. får laurdagen risikerer å ikkje bli inkludert i kunstutstillinga. Vi har engasjert ein profesjonell kurator til å lage utstillinga som vert vist i Visningsrommet USF.

## **Husband**

Dei deltakarane som ønskja husband har vore i direkte kontakt med kapellmeister Erik Håkon Halvorsen og produsent Inni for informasjon. Deltakarane har fått all informasjon frå Erik og Inni. Dersom det likevel skulle være noko som er uklart kan dykk ta kontakt med Inni per e-post [arrangement@bergen.akks.no](mailto:arrangement@bergen.akks.no).

## **Konferansierane**

Vi er heldige som har 9 konferansierar i år. I tillegg til sms har dei fått epost med informasjon om oppmøte fredag 28.april. Vidare har dei fått tilsendt konferansieretekstane så dei kan sjå på desse før festivalen om dei har høve til det. Fredag får dei ny sms med tidspunkt for bli-kjent-møte fredagen før Kick-offet. Stine Raa er leiar for konferansier-gruppa. Stine har delteke på UKM i fleire år – både som kunstnar, konferansier, URG og arrangør – og har m.a. representert Hordaland under UKM-festivalen (landsfestivalen) som konferansier i 2015 og som URG i 2016. På denne samlinga (før Kick-offet) vil Stine gi ein del «tips og triks» og bruke Kick-offet som eit eksempel på kva ein konferansier kan gjere osv. Etter Kick-offet blir det ny samling for konferansierane der dei kan diskutere kva dei synes var bra/dårleg under Kick-offet, sjå på festival-programmet for helga og dele spørsmål og innspel til dette.

## **Røde Kors Hordaland**

Som tidlegare nemnt har vi eit samarbeid med Røde Kors Hordaland som inneber at ansvarlege vaksne frå denne organisasjonen er tilstade på UKM Camp kl.20:00-10:00 fredag-laurdag og laurdag-sundag. I går hadde Inni, Line og eg eit veldig godt informasjonsmøte med gruppa frå Røde Kors Hordaland og det er tydeleg at det er ei veldig hyggeleg og erfaren gruppe som gler seg til jobben neste helg.

Sjølv om Røde Kors er tilstade på UKM Camp om natta, minner vi om at reiseleiarane har ansvaret for sine deltakarar fram til kl 21. Dersom deltakarar til dømes vil på butikken laurdag kveld, er det reiseleiarane som har ansvaret for dei.

Eg er tilstade heile helga under UKM-festivalen i Hordaland 2017 saman med Inni og Line.

## **Workshops**

Det er **bindande påmelding** på workshops i år gjennom eit nettbasert skjema på [ukm.no/hordaland](http://ukm.no/hordaland). Les gjerne litt om kva workshops som deltakarane kan delta på i år på [denne sida](#).

## **Mat**

Vi har tinga mat til alle deltakarane og sjølv sagt tatt omsyn til allergiar o.l.

Fredag: Pizza (UKM Camp frå kl 18:30), kvelds (UKM Camp)

Laurdag: Frukost (UKM Camp), lunsj (USF Verftet), middag (USF Verftet), kvelds (UKM Camp)

Sundag: Frukost (UKM Camp), lunsj (USF Verftet)

Frukost og kvelds gjennom helga («sjøvforsyning») består av brød, knekkebrød, diverse pålegg, grønnsaker og frukt. Drikke: vatn, mjølk, diverse juice og kaffi.

Lunsj består av bagettar i tillegg til bollar (muffins til dei som har laktose- og glutenallergi). Drikke: vatn og kaffi.

På grunn av begrensa plass vil det blir hengt opp lister med tidspunkt for når dei ulike kommunane skal ete. Dette gjeld både frukost på UKM Camp og middag på USF Verftet. Dersom ein deltakar skal ha framsyning samtidig, er det sjølvstøtt mogleg å ete utanom gitt tidspunkt.

Vi gler oss til å møte alle deltakarane på UKM-festivalen i Hordaland 2017!

Vennleg helsing Marianne, Inni og Line

**Marianne Ose Askvik**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Seksjon for kunst- og kulturformidling



Tlf: 55 23 95 43

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)